

Referat frå foreldremøte i 1.trinn, 5. september 2018

Informasjon frå rektor:

Felles i aulaen.

- Motivasjon: Samanlikna med andre skular i Noreg, ser me at me skårer litt dårlegare på motivasjon. Skule står ikkje like høgt. Dette vil me gjer noko med, og de foreldre er viktige å ha med på laget. Viktig at de foreldre snakkar positivt om skulen for å vere gode førebilete for elevane, og motivere eleven til læring ved å vere positiv til dei ulike faga. Det vart og snakka om forskjell på indre og ytre motivasjon.
- Trygt skulemiljø: Forutsetning for å skape god læring. Me prøver å vera proaktive, i forkant. Derfor har me i oppstarten temaet ME. Aktivitetsplan blir nytta på skulen, når det trengs.
- Køyting til skulen: Me vil at ein skal tenkje om ein treng å køyre eleven til skulen. Me vil ha trygg skuleveg.
- Foreldresamarbeid: Skulen er plikta til eit foreldremøte og to utviklingssamtaler. FAU, skal svare på om ein treng foreldremøte på våren.
- orientering om FAU, samt val av FAU-representant og vara.

Matematikk

Matte skal vere gildt. Me skal telje mykje. Elevane skal bli så trygge på tala at dei tel framlengs, baklengs og annakvart tal. Telje frå 7 og vidare. Telje frå 10 og ned. Me vil at dei skal bli trygge på tala, så tel i veg i lag med eleven din. Tel bilar de møter, trapper, bamsar, klossar.

Dei skal ha forståing av at 8 er både 5 og 3 saman, 6 og 2 saman eller 4 og 4 saman. At det er ein større enn 7, ein mindre enn 9. Dersom eleven svarar $2+2=3$ skal du svare nesten.

Unngå å svare nei. Gjenta reknestykket når du seier svaret. $2+2 = ?$ « $2+2$ er lik 4»

Bølgeundervisning. Kartlegging, og undervise i bølger. Alle elevane skal med frå starten av! Då er det viktig med god støtte heime. Omgrep og tal er viktigast. Mindre fokus på andre kapittel i bøkene. Gå i djupna, i staden for å ta overflaten av mykje.

Mål fram til jul: Telja til 50, telja opp og ned til 10, to og to til 20, ti og ti til 100. Vite innhaldet i alle tala til 10.

Norsk:

Me lærer 2 nye bokstavar kvar veke. Det er viktig for eleven å vite at bokstaven har både eit namn og ein lyd. Det er og viktig at dei lærer å skrive bokstaven på rett måte. Pass på at eleven les lyden til bokstaven, og ikkje bokstavnamnet. Me har starta opp med leselekse på leseark, etter kvart vil det bli leselekse i Salto elevbok.

Vi arbeider i bølger. Bokstavprøve etter haustferien og etter jul. Nasjonal kartlegging i april. Bokstavprøva tek me ikkje for å sjå kor flinke elevane er, men for at me vil hjelpa dei. Dei som har behov for det, får vere med Ingunn, som er spesialpedagog, ca. 10 minutt kvar dag for å øve meir. I dette arbeidet vil me ha eit godt samarbeid med heimen. Øving begge stader vil styrke framgangen.

Ingunn har og språkgrupper med dei som treng å øve på begrep.

Generell informasjon:

Me har hatt ein god oppstart. Me begynner å verte kjent med elevane, og elevane med kvarandre. Me arbeider for at me skal få eit godt klassemiljø vidare. No i starten brukar me mykje tid på å få inn gode rutinar, at elevane skal verta kjent og at alle skal trivast.

Klede:

Gymsko kan godt brukast som innesko. Gymsko kan vere i korga viss de ikkje treng dei heime. Alle må ha skifteklede liggjande på skulen. Viss de vil ha kleda med heim att, så gjer namn alt mykje lettare for oss. Det er ca. 8 søppelsekkar med gjengløypte klede frå Motland skule kvart år. Me er ute uansett ver. Alle må ha regnkleda og støvlar.

Lekser:

Det er viktig med gode rutinar. Fast tid på dagen? Vær interessert i lekser til barna. Våre haldningar smittar over til barna.

Mål i norsk, matematikk og engelsk. Fokusord.

Viktig at de foreldre les informasjonen som står på planen. Snakk med barna om det som står.

Fråvær:

Vi ønskjer melding om fråvær på SMS før kl 08.00.

Dersom eleven ikkje skal i SFO på ettermiddagen, så må det sendast melding både til SFO og kontaktlærar.

Meldemappe:

Skal liggje i sekken kvar dag. Tøm den når de får den heim. Planen kan sjølvstendig liggje igjen, men eit lurt tips er å hengje planen på kjøleskapet eller liknande. Då er det lett å sjå måla og øve innimellom.

Lus

Haustitid er lustid. Viktig at de sjekkar ungen jevnleg om dei kan ha lus. Det er òg lurt at alle elevar med langt hår har hale eller fletter for å unngå spreiding av dette.

Forventningar:

Korleis me snakkar om skulen. Viktig at me spelar på lag. Det vil heilt sikkert vere ting de heime er ueinige i, prøv å snakke positivt sjølv om de er ueinige. Ta kontakt med skulen om det er noko.

Trygg skuledag og rutinar: Me bruker mykje tid dei første vekene på å gjere elevane trygge. Faste plassar, plan for dagen på tavla, trygge overgangar. Me snakkar om kva som skal skje i forkant, så slepp elevane å uroe seg for overgangar og flytting til andre rom.

Friminuttvenn:

For at elevane skal knytte nye kontaktar og øva seg i å ta omsyn til andre i leik, startar me med friminuttvenn i det første friminuttet dei lange dagane. Me trekk namnelappar i kvart rom, og koplar på den måten to og to som er i lag i friminuttet. Me snakkar om kor viktig det er å høyre på kvarandre, og å bytte på kven som bestemmer innhaldet i leiken.

Informere om vennegruppe:

Litt informasjon om kva vennegruppe er. Det vart vedteke at lærarane skal lage til eit skriv der det står litt informasjon om kva vennegrupper er og at kvar heim kan krysse av på ein lapp om dette er ei ordning dei vil vere med på. Infoskriv kjem i meldemappa.

Fødselsdagsfeiring og utdeling av invitasjonar på skulen:

Når de inviterer i klassen, så må det vere alle jenter/gutar i gruppa eller klasserommet. Pass på at ikkje nokon vert sett utføre. Dersom invitasjonar skal delast ut på skulen, må elevane først gi dei til ein lærar slik at me får sjekka at det er til alle. Det er fort gjort å gløyme å skrive på eit namn. Send gjerne med ein ekstra invitasjon, så ordnar me resten om det manglar eit namn. Foreldra blei einige om å ha 50 kroner i pengegåve, eller dei kan ha med ein gåve til same verdi.

VAL AV KLASSEKONTAKTAR:

A – Frode Solberg Larsen	2 år
A – Kirsten Kvitvær Leidland (vara)	2 år
B – Heidi Handeland	3 år
B – Kjersti Kolltveit (vara)	3 år
C – Lene Moi Bjorheim	2 år
C – Silje Horpestad (vara)	2 år
D – Tone Horpestad	3 år
D – Bjørn Arvid Garpestad (vara)	3 år

FAU

3 år - Cathrine Telstø Pedersen

3 år - Linn Mellemstrand (vara)

Ref. lærarane på 1.trinn.